

Barnekonvensjonen i saksbehandlinga

Rettleiinga kan brukast i saksbehandling etter barnehagelova, opplæringslova og privatskolelova som vedkjem barn og unge.

REGELVERK | SIST ENDRET: 29.09.2017

Barnekonvensjonen krev at saksbehandlinga skal vere **effektiv, barnevennleg og lett tilgjengeleg**:

- Å ta vare på det beste for barnet inneber mellom anna at saksbehandlinga ikkje må ta for lang tid. Barn har eit anna tidsperspektiv enn vaksne. Det kan derfor vere skadeleg for barn at saksbehandlinga drar ut.
- Det skal vere mogleg for barnet å forstå kva som går føre seg. Saksbehandlinga må ligge føre i ei form og eit språk som barn forstår.
- For at barn og unge skal få oppfylt rettane sine, må handhevings- og klageordningar vere kjende og tilgjengelege for dei.

Barnekonvensjonen

Lytt til barna

Barn har rett til å uttale seg om alle forhold som vedkjem dei (artikkel 12 i barnekonvensjonen), men dei har inga plikt til å uttale seg. I saksbehandlinga skal du undersøke kva syn barnet har, og dette synet skal tillegast vekt i samsvar med alder og modenskap. Barnet må ikkje nødvendigvis ha meiningar om korleis ei sak skal løysast, for å uttale seg. Det er tilstrekkeleg at barnet meiner noko om enkelte sider av ei sak.

Her er nokre råd du kan følge når du skal snakke med eit barn:

- Snakk med barnet så tidleg som mogleg i saksbehandlinga.
- Hovudprinsippet er at barn skal høyrast direkte. Vurder behovet for særskild tilrettelegging, jf. artikkel 2 (ikkje-diskriminering).

- Du kan snakke med barnet på skolen, heime hos familien til barnet, via Skype, på ein nøytral stad, hos statsforvaltaren eller i Utdanningsdirektoratet.
- Vurder kven som skal snakke med barnet, og avklar om barnet skal ha med seg nokon i samtalen, for eksempel foreldre.
- Du skal tillegge synspunkta til barnet vekt i samsvar med alder og modenskap.

Barn har inga plikt til å uttale seg, men dei skal få høve til det. Det må leggast til rette slik at barnet ikkje opplever høyringa som ei byrde.

Barnet skal kunne uttrykke seg fritt om saka. Vi skal legge til rette og ufarleggjere situasjonen der barn blir høyrde.

Det beste for barnet

I saksbehandlinga skal du vurdere kva som er best for barnet ut frå situasjonen det er i, og kva behov det har, uavhengig av økonomi. Lang saksbehandlingstid kan vere i strid med det som er det beste for barnet. Å undersøke kva synspunkt barnet har, er nødvendig for å vurdere kva som er best for barnet.

Det beste for barnet skal vere eit grunnleggande omsyn ved alle handlingar som vedkjem barn (artikkel 3).

Barnekonvensjonen i saksbehandlingen

Vurdering

Vi skal alltid gjennomføre ei konkret og skjønnsmessig vurdering av kva som er best for barnet i saka. Vurderinga er sett saman av fleire moment som må avvegast i kvart enkelt tilfelle. Her skal vi trekke inn alle relevante sider ved situasjonen barnet er i.

Omgrepet «det beste for barnet» er fleksibelt, noko som gjer det mogleg å tilpasse innhaldet til situasjonen det enkelte barnet er i. Vurderinga skal vere forsvarleg utført og forankra i faglitteratur, forskning og dei synspunkta barnet har. Her står mellom anna generell kunnskap om barn, fagområdet og barns rettar sentralt. Vurderinga skal bygge på eit verdisyn der barn er rettshavarar som har krav på respekt for det menneskesynet dei har, og for eigen integritet.

Til grunn for vurderinga må det ligge ei undersøking av situasjonen barnet er i, og kva behov det har.

Når det gjeld å undersøke kva som er best for barnet, er det aktuelt å innhente synspunkt frå

- barnet sjølv og andre barn
- foreldra og andre nærstående
- andre som kjenner barnet
- fagfolk

Vekting

Etter at det er tatt stilling til kva som er best for barnet, må vi avgjere kor stor vekt dette omsynet skal ha i den konkrete saka. Det følger av artikkel 3 nr. 1 at det beste for barnet skal vere eit grunnleggande omsyn, det vil seie at det har ei sterk stilling og skal vere tungtvegande. Det beste for barnet må vegast mot andre omsyn.

I vektinga av kva som er best for barnet, og andre omsyn *kan* dette ha betydning:

- Dersom det er **fleire barn** i ei sak, skal det vurderast kva som er best for kvart enkelt barn – det kan vere ulike løysingar for ulike barn.
- Det beste for barnet er eit grunnleggande omsyn, men ikkje det einaste relevante i saka. Vi må avgjere om det er mogleg å **harmonisere** det med andre omsyn og med omsynet til fleire barn, altså finne ei løysing som tar vare på alle omsyna og alle barna.
- Dersom det ikkje er mogleg å harmonisere det beste for barnet med andre omsyn fordi det er **motstrid**, må vi avgjere kva omsyn som skal tilleggst størst vekt.
- I og med at det beste for barnet skal vere eit **grunnleggande** omsyn, skal det mykje til for å sette dette omsynet til side.
- Jo sterkare det beste for barnet talar for ei bestemt løysing, desto meir skal til for å sette dette omsynet til side.
- Dersom statsforvalter eller direktoratet tillegg det beste for barnet lite vekt eller fell ned på ei løysing som ikkje er i samsvar med dette omsynet, skal vi i grunngivinga for vedtaket **tydeleggjere** kvifor. Bevisbyrda ligg på den som vil prioritere andre omsyn.

Grunngivinga for vedtaket

For å kunne vurdere om artikkel 3 er oppfylt, stiller ein krav til grunngivinga. I

grunngivinga for vedtaka skal vi derfor synleggjere barnets beste-vurderinga og vektinga av dette hensynet i saka. Det betyr at vi skal skriftleggjere følgjande i grunngivinga for vedtaket:

- Vi må forklare korleis det beste for barnet er undersøkt, og kva som er innhaldet i vurderinga, det vil seie korleis vi har komme fram til kva som er best for barnet. Her må det også komme fram om og korleis barnet er høyrte.
- Vi må forklare kva vekt det beste for barnet har fått i avveginga mot andre omsyn, og kvifor eventuelle andre omsyn går føre.